

RADØY KOMMUNE

Sakspapir – Del. vedtak

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Delegert frå plan, landbruk og teknisk	04.11.2003	203/03	HAH

Sakshandsamar: Henning Thoresen	Arkiv: Objekt: 28/4	Arkivsaknr 2003000768
---------------------------------	------------------------	--------------------------

GNR.28/4 - SØKNAD OM TILLTATELSE TIL TILTAK - BYGGING AV MOLO - GODKJENNING.

Saksdokument:

Nr	T	Dok. dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	03.12.2002	Flere avs/mottakere...	Gnr.28/4 - Søknad om tilltateelse til tiltak - bygging av molo
2	I	08.08.2003	Elin Troland	Vedr. nabovarsel
3	U	13.08.2003	Bergen og omland havnevesen	Gnr.28/4 - Søknad om tilltateelse til tiltak - bygging av molo
4	U	13.08.2003	Rådg. ing MRIF Stein D. Olsen	Gnr.28/4 - Søknad om tilltateelse til tiltak - bygging av molo

Saksutgreiing:

Oppføring av molo med lengde på 30 meter.

Tiltaket ligg i regulert område innafor det som i reguleringsplanen for Kvalheim - Bressvika er definert som område i sjø – småbåthavn. Tiltaket er etter kommunen sin vurdering i tråd med planen.

Da saka tidlegare har vert oversendt eksterne etatar i samanheng med handsaming av reguleringsplan har kommunen vurdert det slik at den i dette tilfellet berre må handsanmast av Bergen og Omland Havnevesen. Havnevesnet har i brev dat. 03.11.03 gjeve løyve i medhold av havnelova til bygging av molo som omsøkt.

Vurderingar av eventuelle negative konsekvensar for miljøet skal ha blitt vurdert i samband med handsaming av reguleringsplan for området.

Med utgangspunkt i hovudutval for plan, landbruk og teknisk si tolking av kommuneplanen sine føresegner og retningsliner vedr. utforming av bygningar m.m. som vert oppført, vurderer kommunen tiltaket til å vere i tråd med kommuneplanen sine føresegner.

Da søknaden om enkle tiltak ikkje tilfredsstilte dei krav som vert stilt til ein slik søknad etter plan- og bygningslova (pbl.) § 95 b da den vart motteke av kommunen, vert den gjort om til søknad om løyve til tiltak etter pbl. §§ 93 og 94. Denne avgjersla kan ikkje påklagast, jf. pbl. § 95 b. Sakshandsamingstida på 3 veker fell dermed bort.

Vedtak:

I medhald av delegasjonsreglement i Radøy kommune, og gebyrregulativ vedtatt i kommunestyret den 28.11.2002, vert det godkjent oppføring av molo i medhald av plan- og bygningslova §§ 70, 74, 84, 93, 93 b og 98, på følgjande vilkår:

1. Det vert forutsett at byggverket vert oppført i tråd med kommuneplanen sine føresegner.
2. Det vert å betale følgjande gebyr for handsaminga av Dykkar søknad:

Plan og forvaltning:	Til konto:	16000 6220 1200:	
C.3.5.2.1	Oppføring av anlegg, tiltaksklasse 1:		Kr. 2500,-.
C.3.3.A	Ansvarsrett/lokal godkjenning av føretak: (2 stk)		Kr. 1300,-.
Oppmåling:	Til konto:	16050 6209 3000:	
C.1.4.A	Kart FKB-C (÷ 50 %):		<u>Kr. 105,-.</u>
	SUM		<u>Kr. 3905,-.</u>

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato, jf. gebyrregulativet.

3. Mottekne kontrollplanar for prosjektering og utføring vert godkjende.
4. Radøy kommune gjev **Rådgivende ing. MRIF Stein D. Olsen** ansvarsrett og lokal godkjenning (tidlegare lokalt godkjent føretak) i godkjenningsområda **Søkerfunksjon for anleggstiltak (molo) tiltaksklasse 1, Prosjektering av molo/Kontroll av prosjektering for molo, tiltaksklasse 1.**

Radøy kommune gjev **Bjørn Dale Entreprenør** ansvarsrett og lokal godkjenning (tidlegare lokalt godkjent føretak) i godkjenningsområda **Utførelse av grunn og terrengarbeider, oppføring av molo/Kontroll av grunn og terrengarbeider, oppføring av molo, tiltaksklasse 1.**

Det vert forutsett at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av forskrift om føretak for ansvarsrett (GOF).

Når gebyr er betalt og kvittering for betalt gebyr er motteke av kommunen, kan arbeidet setjast i gang.

Byggverket si plassering på tomta skal kunne dokumenterast, og slik dokumentasjon skal sendast kommunen for oppdatering av kartverket. Slik dokumentasjon kan sendast inn saman med oppmoding om ferdigattest eller mellombels bruksløyve, eller seinast 4 veker etter at mellombels bruksløyve er gitt.

Når arbeida vert å sjå på som ferdige, skal ansvarleg utførande skriftleg rapportere dette til kommunen, jf. plan- og bygningslovas §§ 98 og 99 og SAK § 30, og kontrollerklæring/-melding skal leggast fram. Gjenstår noko av arbeida skal dette vere angitt. Det kan bli aktuelt at kommunen gjer ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Ved handsaminga av denne saka har kommunen teke omsyn til den sivile beredskap og samfunnstryggleik.

Kopi av dette vedtak samt andre saksdokument skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Dersom byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 96.

Alt arbeid skal følgje plan- og bygningslova, forskrifter og andre føresegner. Dersom innsendte planar er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre planane.

Sjå vedlagde orientering om klagerett.

Henning Thoresen
Avdelingsingeniør

Kopi til:

Bjørn Dale		5936	MANGER
Rådg. ing MRIF Stein D. Olsen	Hella	5936	MANGER
Tores Marina	Kvalheim	5937	BØVÅGEN